

## Vennskapsveka 2017 – veke 42

### Mål:

For elevane: Skape vennskap på tvers av skular.

For foreldra: Få støtte til - Korleis hjelpe borna til "Livsmestring"

### Aktivitetane i år

Heile veka er det fokus på trivsel, med ulike aktivitetar på stega.

Frå måndag til onsdag er aktivitetane skulevis.

### TORSDAG 19.10 – FELLESDAG FOR ALLE SKULANE

- "Den kulturelle skulesekken" på Tveit skule for 1.-7. steg.
- Felles lunsj
- Resten av dagen; felles aktivitetar.  
Dette er ein del av "Plan for overgangar" – der elevar m.a. skal bli kjende med kvarandre på tvers av skular.
- På kvelden er det felles foreldremøte for heile kommunen

### [Foreldremøte torsdag 19.10. kl. 18:00-19:30 i Fleirbrukshuset](#)

Tema: Livsmestring

Me har vore heldige og fått Hedvig Montgomery til å snakke om temaet Livsmestring. Ho er psykolog og har fordjuping i familieterapi gjennom Institutt for aktiv psykoterapi (IAP), vidareutdanning innan parterapi (EFT) og er i tillegg seminarleiar for Famlab i Norge. Ho held ei rekkje kurs og foredrag for foreldre, lærarar og anna personell om born og utvikling.

Ho vil hovudsakleg snakke om dette for oss:

*"Sjølvtendige og sterke born med optimisme og motstandskraft utviklar seg best gjennom å møte vaksne som på ein trygg måte gir rettleiing. Korleis møter vi borna som foreldre når noko er vanskeleg, slik at dei lærer seg å løyse problema sjølve seinare?"*

*Grunnlaget for evna til læring, trivsel og utvikling seinare i livet blir lagt i barneåra. Vi veit mykje om kva som fremjar god psykisk helse – korleis vi gjennom språk, aktivitet og relasjon i kvardagssituasjonar kan hjelpe borna for resten av livet?"*



Kaffi og kaker i pausa

Føresette til både barnehagebarn og skuleelevar er og velkomne!



FREDAG 20.10:

Heitur til Havrefjell på Felle.

Alle føresette er velkomne med på turen. Me vil trenge nokre ekstra plassar til skyss.



Ber føresette som har høve til å bli med om å ringe rektorane ved skulene innan tysdag 17.10.17:


Marit Madsen	35048485
Even Holskar	35048466
Anne-Nora	35048468

Praktisk info:

Oppmøte på skulane til vanleg tid. Avreise til Felle vil skje med buss/privatbilar.



Det blir tur uansett ver:-)



Hugs klede og sko tilpassa veret!

Meir info om turen kjem på vekeplanen i veke 42.

Me gler oss til ei fin veke!

Med vennleg helsing for Nissedalsskulen

Sissel Bronken

Einingsleiar